



HILLESTAD® Galleriet 2011

vårutstilling frå 21. mai




KARI HUNSAGER og ARILD PETER ANDRESEN
Grimstad

maleri og teikning

Vi har gleda av å opne hovudsesongen på Hillestad Galleri med ei ny utstilling av ekteparet Hunsager/Andresen. Kari vil vise maleri av blomster, tett på og noen gonger i kombinasjon med abstrakte og dekorative element. Arild vil vise både maleri og teikningar. Malaria vil ha fleire tema. Dans vil vere eit sentralt motiv, men også meir fabulerande figurativ biletpoesi.

www.arildandresen.com www.karihunsager.no

sommerutstilling frå 2. juli



ROLF NERLI
Tønsberg

maleri og grafikk

Utdanna ved Statens Håndverks- og Kunstindustriskole 1971-74 og Statens Kunstakademi 74-80, Oslo. Nerli har lang fartstid både som malar og grafikar. Innkjøpt av blant andre Nasjonalgalleriet, Riksgalleriet og Norsk Kulturråd. I 2008 blei han valt til å utforme det prestisjetunge diplommet ved utdelinga av Nobels Fredspris.

www.rolfnerli.no



ÅSHILD KAREVOLL
Levanger

glaskunst

Åshild Karevoll bur og arbeider i Levanger. Med bakgrunn som formingslærer, har hun arbeid med kunsthandverk i over 15 år. Formsikkerheit, fargesans og gode komposisjonar pregar arbeida. Vi får sjå alt frå små kunstgjenstandar til veggbilede.



TOR-ARNE MOEN
Notodden

maleri og grafikk

Moen er utdanna på Kunsthøyskolen i Bergen og har sidan 1992 vore etablert som malar og etterkvart grafikar og forfattar i Norsk Hydros gamle industri-lokale i Notodden Næringspark. Har vore innom mange heilt ulike konsept og eit stort utval av figurative former for maleri. Grafikken har stort sett spegla dei ulike maleriske prosjekta.

www.torarnemoen.no

Gull I veggene, tre PÅ veggene frå 3. september



TORILD A. FOSSNES

Fevik
drakter

Nye funn av filler og rester etter gamle plagg til små og store er nå sett saman til nydelige drakter. Bak desse draktene skjuler det seg eit enormt tidkrevjande arbeid med registrering, dokumentasjon og sying. Torild Fossnes vil vise 7 – 8 ulike drakter frå heile 1800-talet, fleire av dei vil vere barnedraktar.

Vi har invitert fire kunstnarar til å stille ut tresnitt PÅ veggene. Det vil bli ei frodig utstilling med humor og alvor, fargar og svart/kvitt bilde.



OLGA GRIMSMO NILSEN
Kristiansand



SCOTT AANEBY
Åmli



STÅLE BLÆSTERDALEN
Tretten




VEGARD STALSBERG
Tretten

juleutstilling frå 5. november / Galleriet har også eiga juleutstilling "Jol i bygda".



BJØRG
THORAHALLSDOTTIR
grafikk

Født i 1974 i Isafjordur på Island. Oppvekst i Bærum og søraust Asia. Kunstnarisk utdanning i Barcelona og Toulouse. Medlem av Norske Grafikarar.
www.bjorg.info/



SVEN NIELSEN
Grimstad
maleri

Er utdanna lektor med norsk som hovudfag, og m.a. studert ved Kunst- og Håndverksskolen i Oslo, men reknar seg som sjølvlært biletkunstnar. Medlem av Norsk Foreining for Uavhengige Kunstnarar (NFUK).
www.svennielsen.net

Hillestad Galleri opna i 1985. Sidan den gong har mange av dei mest kjente kunstnarane i landet hatt separatutstilling her. Kvart år blir galleriet besøkt av ca 15 000 menneske. På dette spennande galleriet, med eit særmerkt, heilnorsk preg, kan ein nyte og kjøpe vakker kunst og handverk.


Vi har godt utval av grafikk fra kjente kunstnarar. Heile sortementet av Hillestad-smykke er utstilt og til sals her. I Kramløa i underetasjen fører vi blant anna produkt frå Broste Copenhagen og Ekelund.

Kunststi og installasjonar

Ved galleriet kan du ta deg ein tur i kunststien. Både tett ved galleriet og i dei nære omgivingane er det små og store kunstverk installert ute i naturen.

Leikepark og turstiar

Utanfor galleriet er leikeparken for barn i alle aldrar. Her er nifse rutsjebanar, naturløype og bålplassar som alle kan bruke. Det er 13 tilrettelagte sommerturløyper i Åmli kommune og fire av desse har utgangspunkt i Tovdal. Det er utleiehytter både nede i dalen og på Hillestadheia. På vinteren er det flotte oppkøyrde skiløyper bare få kilometer frå Galleriet. Tovdal og Åmli er dermed ein ypperleg stad for å kombinere kunst, kultur og natur.



21. mai – 1. juli

Ope 11 – 16
laurdag og søndag 12 – 17,
mandag stengt

2. juli – 21. august

Ope 11 – 17,
laurdag og søndag 12 – 17

22. august – 22. desember

Ope 11 – 16
laurdag og søndag 12 – 17
mandag stengt

Januar stengt,
februar – 20. mai ope i helgene.
Vinterferien og påska
eigne opningstider.

Hillestad Galleri

Tovdal
N-4869 Dølemo
T +47 37 08 10 20
F +47 37 08 24 70
post@hillestad.no
www.hillestad.no